

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2015/567

av 7. april 2015

2018/EØS/18/01

om endring av vedlegg I til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at medlemsstaten Litauen er offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar

[meld under nummeret K(2015) 2161](*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg punkt 4 i vedlegg A nr.1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein medlemsstat skal kunne godkjennast som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 2) Kapittel 1 i vedlegg I til kommisjonsvedtak 2003/467/EF⁽²⁾ inneheld ei liste over dei medlemsstatane som er vortne godkjende som offisielt frie for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 3) Litauen har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar, er oppfylte for heile territoriet til denne medlemsstaten. Denne medlemsstaten bør difor godkjennast som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 4) Den lista som er oppført i kapittel 1 i vedlegg I til vedtak 2003/467/EF, bør difor endrast slik at ho også omfattar Litauen.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og før —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

Vedlegg I til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 7. april 2015.

For Kommisjonen

Vytenis ANDRIUKAITIS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 93 av 9.4.2015, s. 69, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 175/2015 av 10. juli 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 3 av 12.1.2017, s. 1.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose (TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74).

VEDLEGG

I vedlegg I til vedtak 2003/467/EF skal kapittel 1 lyde:

«KAPITTEL 1

Medlemsstater som er offisielt frie for tuberkulose

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland
FR	Frankrike
LV	Latvia
LT	Litauen
LU	Luxembourg
HU	Ungarn
NL	Nederland
AT	Austerrike
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»